



Byggm Øyvind Litangen  
Orrhøyflaten 12  
5918 FREKHAUG

Referanser:

Dykkar:

Vår: 18/2944 - 19/35610

Saksbehandlar:

Ingrid Bjørge Pedersen

Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:

03.12.2019

## Mellombels bruksløyve - gbnr 56/160 Hundvin

### Administrativt vedtak. Saknr: 709/19

**Tiltakshavar:** Christian Frønningen og Renate Litangen

**Ansvarleg søkjar:** Byggm Øyvind Litangen

**Søknadstype:** Søknad om mellombels bruksløyve etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt, med unntak av nokre mindre vesentlege arbeid. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 31.10.2018.

Ansvarleg søkjar har stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå til å takast i bruk. Følgjande arbeid står att:

1. Sparkling, maling og listverk for hovuddel
2. Røyrleggjararbeid i hovuddel
3. Elektriker i hovuddel
4. Kjøkkenarbeid i hovuddel
5. bad i hovuddel

Mellombels bruksløyve gjeld del av tiltaket: Utleigedel

Ansvarleg søkjar har opplyst tidspunkt for ferdigstilling til: 17.02.2020

Det vert elles vist til søknad motteken .

### VURDERING

Kommunen legg motteken dokumentasjon til grunn og vurderer at det står att mindre vesentleg arbeid, og finn etter ei samla vurdering at det kan skrivast ut mellombels bruksløyve for delar av tiltaket- utleigedel, jf. plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd.

### Skildring

Adresse:	
----------	--

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733



Bygningstiltak:	Bustad med hybel
Bygningsnummer:	300718241 0
Bruksareal:	337, 0 m <sup>2</sup>
Avløp:	Offentleg
Vatn:	Offentleg
Tal på røykløp:	1

#### **VEDTAK:**

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for hybel/sokkelleilegheit på gbnr gbnr 56/160 på følgjande vilkår:

1. Mellombels bruksløyve gjeld følgjande del av tiltaket: hybel/sokkelleilegheit
2. Ferdigattest skal liggje føre innan 07.03.2020.

#### **Bortfall av mellombels bruksløyve**

Mellombels bruksløyve fell bort på fristdato for ferdigattest. Om det ikkje ligg føre ferdigattest innan fristen er bruk ikkje lenger lovleg og må opphøyra. Om attståande arbeid ikkje vert ferdigstilt innan fristen skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling etter plan- og bygningslova kapittel 32. Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

#### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

#### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen. Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 18/2944

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Byggm Øyvind Litangen  
Christian Frønningen og Renate  
Litangen

Orrhøyflaten 12 5918  
Mjåtveitmarka 58 5918  
B

FREKHAUG  
FREKHAUG